



Utskriftsdato:	Godkjent dato:	Revideres innen:	Gjelder for:
28.05.2018	22.01.2018	07.02.2018	Sula kommune
Antall sider:	Godkjent av:	Revideres av:	Kommentar:
2	[Godkjent av]Grethe Øen	[Revideres av]Grethe Øen	

Prioriteringsnøkkel for fysioterapitenesta i Sula kommune

1 HENSIKT

Prioriteringsnøkkelen er retningslinje for vurdering og er meint å vere eit verktøy for å sikre at innsatsen dimensjonerast ut i frå ein open prioritering og sikre ei fornuftig bruk av tenesta. Ved bortfall av henvisningar, vil fysioterapeutane måtte sikre ei rask vurdering på pasienten sitt behov, for å vurdere rett prioritet.

2 OMFANG OG ANSVAR

Den skal nyttast av alle kommunale fysioterapeutar, både for barn og vaksne. Samt for alle private fysioterapeutar med driftstilskot. Gjeldande lovverk og forskrifter og erfaringsbasert kunnskap er lagt til grunn i utarbeidinga.

3 HANDLING

Fysioterapeutane brukar alltid faglig skjønn i forhold til brukarane sitt funksjonsnivå, deltaking og aktivitet når ein vurderer brukaren sitt behov for behandling. Ein behandlingsserie bør ikkje overskride 24 behandlingar, men individuelle variasjonar vil skje.

Behandling hos fysioterapeut inkluderer tiltak som har til hensikt å optimalisere funksjon, redusere eit funksjonstap, eller lindre smerte og symptom. Behandlingsformene er forankra i kunnskapsbasert praksis.

Ventetid = antatt tid, kalenderdagar, frå første kontakt til første undersøking / behandling.
Vurderinga av alle kontaktar skal skje innan 2 veker.

4 REFERANSER

Forskrift om funksjons- og kvalitetskrav for fysioterapeutar med kommunal driftsavtale
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-09-01-1334>

Bortfall av krav til henvisning til fysioterapeut.
<https://helfo.no/Sider/Bortfall-av-krav-til-henvisning-til-fysioterapeut-.aspx>



Utskriftsdato:	Godkjent dato:	Revideres innen:	Gjelder for:
28.05.2018	22.01.2018	07.02.2018	Sula kommune
Antall sider:	Godkjent av:	Revideres av:	Kommentar:
2	[Godkjent av]Grethe Øen	[Revideres av]Grethe Øen	

Prioritet	Målgruppe	Forventa ventetid
1.AKUTT Rask intervensjon er nødvendig	Personar med brått funksjonstap og eller akutt problemstilling, der det er stor mulighet for å få tilbake funksjon eller hindre ytterligere tap av funksjon Eksempel: Barn 0-18mnd med umoden og eller avvikande motorikk Nyoperert Personar i terminalfase Personar med akutt nevrologi Personar med lungeproblematikk i akutt fase	2 VEKE
2. Tidlig intervensjon har stor betydning	Personar med kroniske sjukdommar/ funksjonsproblem i periodar med forverring eller personar som kjem frå spesialisthelsetenesta der tiltak må startast tidlig. Eksempel: Barn 18 mnd. – skulealder med umoden motorikk Langtidssjukmelde med mulighet til å komme tilbake i arbeid Gravide.	4 - 6 VEKE
3. Stabil intervensjon blir vurdert som hensiktsmessig men kan vente	Personar med kronisk sjukdom eller funksjonsproblem i stabil fase og personar med behov for planlegging og oppfølging i overgangsfase. Eksempel: Barn 6 – 18 år Personar med nedsett funksjonsevne som bor i tilrettelagt bustad Personar med kroniske, samansette lidingar.	3 MND.

NB: Etter maks 24 behandlingar må det forventast ei pause, så andre pasientar kjem til